




Båtlagshuset er under oppgradering.

**Uskedal båtlag er i gang med opprustning av laget sitt hus i båthamna. Dette vert dessverre ikkje klart til sesongstart. Dermed er det godt å ha gode naboar. Båtlaget har nemleg gjort avtale med Rabben Feriesenter om at båtgjester i hamna kan nytta seg av sanitærbygget på ferienesenteret fram til båtlagshuset vert klart.**



[Båtlagsstyret har hengt opp denne plakaten til informasjon. \(Klikk på den så vert den større\).](#)

- Vi er svært glade for det gode samarbeidet med Magne Heggøy og resten av staben ved Rabben Feriesenter, seier leiar i Uskedal båtlag, Hans Gustav Mussland.
- Med denne avtalen kan våre gjester som har betalt hamneleiga nytta seg av sanitærfasilitetane ved Rabben Feriesenter. Vi har også avtale om at dei kan leggja boss i containeren på Rabben. Han seier vidare at dei reknar med at opprustninga av båtlagshuset skal vera klar til sommarsesongen. Elektrikararbeid er ferdig, og no ventar røyrlarbeidet. Inntil arbeidet er ferdig er han altså svært glad for at gjestene kan bruka toalett og sanitæranlegg elles hos naboen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland